



TØRISVEGEN 81
FILEFJELL



TØRISVEGEN 81
FILEFJELL

INNHOLD

06	Velkommen
09	Faktaopplysninger
10	Digital salgsoppgave
11	Eiendomsmeglere
14	Området
15	Økonomi
15	Offentlige forhold
16	Øvrige kjøpsforhold
18	Megler
21	Vedlegg
22	Kommunalinformasjon



TØRISVEGEN 81

FILEFJELL

Tørisvegen 81 ligg vakkert til på Filefjell, i Vang kommune - eit fjellområde kjend for snøsikre vintrar, storslått natur og eit breitt spekter av aktivitetar heile året. Tomta ligg i eit roleg og etablert hyttefelt med nærleik til både alpintanlegg, langrennsløyper og majestetiske fjellturar.

På sommartid byr området på eit rikt turterreng, med merka stiar, fiskemoglegheiter og lett tilgjenge til både fjellvatn og tindar. Filefjell gir ei ekte fjelloppleving - der ein verkeleg kan senke skuldrane og nyte stillheita.

Her kan ein realisere hyttedraumen og bygge fritidsbustaden du sjølv ynskjer. Her får ein ei tomt der ein kan utnytte maksimal størrelse på 216 m².

Tørisvegen er lett tilgjengeleg med bil frå både aust og vest via E16 - året rundt.





FAKTAOPPLYSNINGER

Prisantydning

1.350.000,-

Eierform

Eiet

Tomt

1269.4 m² -

eiet

Totalpris

1.402.942,-

Energimerking

DIGITAL SALGSOPPGAVE

Bruk din mobiltelefon for å få tilgang til komplett salgsoppgave med vedlegg som tilstandsrapport, egenerklæringsskjema o.l.

Åpne Kamera-appen på telefonen din og hold over QR-koden.
Android-enheter vil i noen tilfeller kreve at du laster ned en dedikert QR-leser.



Dersom din mobiltelefon mot formodning ikke støtter denne funksjonen kan du få tilgang til informasjonen ved å gå inn på www.weiendomsmegling.no/eiendom/18001725

BUDGIVNING

Bud kan trygt og enkelt legges inn elektronisk med bank-ID via nettannonsen (finn.no eller digital salgsoppgave) ved å trykke på "Gi bud" knappen. Megler er forpliktet til å legge til rette for en forsvarlig avvikling av budrunden. Bud kan derfor ikke ha en akseptfrist på mindre enn 30 minutter fra budet inngis og minimum kl. 12.00 første virkedag etter siste annonserte visning. Om du vil øke budet ditt gjør du det helst også ved å trykke på "Gi bud" knappen i nettannonsen. Er du forhindret fra dette kan budøkning formidles til megler på e-post eller SMS. Når du har lagt inn bud vil megler bekrefte at budet er mottatt. Kontakt megler dersom du mot formodning ikke mottar slik bekreftelse innen kort tid etter at bud er inngitt. Megleren holder deg også oppdatert om andre bud som kommer inn.

Ta kontakt med megler dersom du har spørsmål til budgivning.

Det er viktig at du gjør deg kjent med all informasjon om boligen, og at du har spurt om det du eventuelt lurer på, før du legger inn et bud.

EIENDOMSMEGLERE



EIENDOMSMEGLER

Jostein Mo

Partner IIII Eiendomsmegler
jostein.mo@wmegling.no

970 10 784



EIENDOMSMEGLER

Jostein Mo

Partner IIII Eiendomsmegler
jostein.mo@wmegling.no

970 10 784



Lorem ipsum dolor sit amet

NYTTIG INFORMASJON

KORT OM EIENDOMMEN

Tørisvegen 81 ligg vakkert til på Filefjell, i Vang kommune - eit fjellområde kjend for snøsikre vintrar, storslått natur og eit breitt spekter av aktivitetar heile året. Tomta ligg i eit roleg og etablert hyttefelt med nærleik til både alpintanlegg, langrennsløyper og majestetiske fjellturar.

På sommartid byr området på eit rikt turterreng, med merka stiar, fiskemoglegheiter og lett tilgjenge til både fjellvatn og tindar. Filefjell gir ei ekte fjelloppleving - der ein verkeleg kan senke skuldrane og nyte stillheita.

Her kan ein realisere hyttdraumen og bygge fritidsbustaden du sjølv ynskjer. Her får ein ei tomt der ein kan utnytte maksimal størrelse på 216 m².

Tørisvegen er lett tilgjengeleg med bil frå både aust og vest via E16 - året rundt.

ADRESSE

Tørisvegen 81

EIENDOMSBETEGNELSE

GNR 7, BNR 322, i Vang kommune

BOLIGTYPE

Tomt

EIERFORM

Eiet

EIER

Ole Einar Rebni

Linda Moen Rebni

uten krav til minste himlingshøyde.

BYGGEÅR

TOMTETYPE

Eiet

TOMTEAREAL

1269.4 m²

OMRÅDET

BELIGGENHET

Tørisvegen 81 ligg vakkert til på Filefjell, i Vang kommune - eit fjellområde kjend for snøsikre vintrar, storslått natur og eit breitt spekter av aktivitetar heile året. Tomta ligg i eit roleg og etablert hyttefelt med nærleik til både alpintanlegg, langrennsløyper og majestetiske fjellturar.

Frå tomta er det kort veg til Tyn-Filefjell skisenter, som tilbyr moderne heisanlegg, varierte bakkar og eige barneområde - godt eigna for både familiar og erfarne skikøyrarar. Langrennsløyper snor seg rett i nærleiken og opnar for flotte turar mot Tyn, Eidsbugarden og inn i Jotunheimen.

På sommartid byr området på eit rikt turterreng, med merka stiar, fiskemoglegheiter og lett tilgjenge til både fjellvatn og tindar. Filefjell gir ei ekte fjelloppleving - der ein verkeleg kan senke skuldrane og nyte stillheita.

Tørisvegen er lett tilgjengeleg med bil frå både aust og vest via E16. Det er heilårsveg heilt fram til tomta og vinterbrøyta adkomst, noko som gjer dette til eit ideelt utgangspunkt for fritidsbruk i fjellet - året rundt.

PARKERING

Det må opparbeidast parkering på eiga tomt.

ØKONOMI

PRISANTYDNING

Kr 1.350.000,-

OMKOSTNINGER

1 350 000,- (Kjøpesum)

Omkostninger:

240 (Panteattest kjøper)

631,- (Tingl.gebyr pantedokument inkl. gebyr for e-tinglysning)

821,- (Tingl.gebyr skjøte inkl. gebyr for e-tinglysning)

33 750,- (Dokumentavgift 2,5% (forutsatt salgssum: 1 350 000,-))

17 500,- (Boligkjøperforsikring (valgfritt))

52 942,- (Omkostninger totalt)

1 402 942,- (Totalpris inkl. omkostninger)

TOTALPRIS INKL OMK

Kr 1.402.942,-

INFO FORMUESVERDI

Pt. har tomten ingen formuesverdi.

Ved utnytting av tomta, må kjøpar påberekne formuesverdi.

INFO KOMMUNALE AVGIFTER

Då tomta ikkje er bebygd er det ikkje kommunale avgifter.

Dette vil komme når eit nytt bygg har fått ferdigattest.

OFFENTLIGE FORHOLD

REGULERINGS - OG AREALPLANER

Eigedommen er regulert til fritidsbebyggelse jfr kommunedelplan.

Arealføremål: Fritidsbustad

Fylgjande skal vera retningsgivande for utnytting og bygningsvolum når nye reguleringsplanar for fritidsbustadar innanfor kommunedelplanen skal utarbeidast:

- Alle bygg på same tomt skal ha tilsvarande takvinkel, materialbruk og farge
- Utebelysning og samla lysforureining skal særskilt vurderast i nye planar og bør avgrensast til eit minimum
- Dersom det argumenterast for det kan nye reguleringsplanar ha føresegn som opnar opp for meir moderne utforming
- Solcelletak kan vurderast, men då må visuell fjernverknad utgreiast særskilt

Eksisterande fritidsbustadar og ikkje-bygde tomter utanfor regulerte områder kan utformast slik:

Tomter frå og med 800 m²

Maksimal utnytting(BYA): 216 m²

Hovudbygg (BYA) :140 m²

Parkering pr. tomt, jf. foresegn 2: 36 m²

Antall bygg: Maksimalt 3

Bygg 2 og 3 (BYA): Maksimalt 40 m²

Mone-/ gesimshogde: 5,5 m/4 m

Takvinkel; nye bygg: 25 grader-35 grader

Byggjegrænse: Bygg skal vera 4 meter fra

tomtegrænse

Synleg mur: Maksimal hogde pa 0,5 m

Forstøttningsmur: Maksimal høgde på 1,2m. Utførast

i naturstein

Skjering/fylling: Høgde pa fylling og/eller skjering kan

maksimalt avvike 1,5 meter fra eksisterande terreng

- Det kan vera avvik mellom oppmalt eigedomsgrense og arealforemal pa tomt. Det er da arealforemalet for t.d. fritidsbustad(sosi 1120) som skal leggst til

grunn ved utrekning av BYA.

- Samla tomteareal skal normalt ikkje overstige 2 daa

- Tidligare fradelte tomter til fritidsbustad kan ikkje delast opp ytterligare

- Byggjeregrense skal som utgangspunkt vera 4 meter.

Anna byggegrense kan fylgje av reguleringsplan og byggteknisk forskrift

- Bygg 2 og 3 kan vera garasje, uthus eller anneks

- Møne-/gesimshogde malast fra topp grunnmur

- Samla hogde pa skjering/fylling inklusiv

forstottningsmur skal ikkje overstige 1,5m

- Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller

naturstein. Taket skal vera i matte materialar, unntak

ved bruk av solcelletak. Farga pa bygga skal vera i

naturfargar (til domes jernvitrolbehandla) eller i

jordfargar.

- Tilkomstvegar skal som utgangspunkt ikkje ha

brattare stigning enn 1:10 (10%). Ved soknad om

etablering av tilkomstvegar skal det leggst ved tverr-

og breiddeprofil

Reguleringsplaner under arbeid Id 2023003

Navn Synhaug_Vesleåne

Status Planlegging igangsatt

Plantype Detaljregulering

VEI, VANN OG AVLØP

Eigedommen er ikkje tilknytt offentleg anlegg for vatn

og avlaup pt. Dette ligg klart i tomtegrensa.

Offentleg til privat veg.

KONSESJON

Det er ikkje odel på eigedommen.

Sidan tomta ikkje er bebygd lyt ein fylle ut

eigenerklæring om konsesjon.

ODEL

Det er ikkje odel på eigedommen.

ØVRIGE KJØPSFORHOLD

BETALINGSVILKÅR

Fullt oppgjør (kjøpesum og omkostninger) skal være disponibelt på meglers klientkonto innen overtakelse.

Normalt innebærer dette at fullt oppgjør må være innbetalt på meglers klientkonto senest to virkedager før avtalt overtakelsesdato.

OVERTAGELSE

Eigedommen er ledig for overtaking.

BUDGIVNING

Bud kan trygt og enkelt legges inn elektronisk med bank-ID via nettannonsen (finn.no eller digital salgsoppgave) ved å trykke på "Gi bud" knappen.

Megler er forpliktet til å legge til rette for en forsvarlig avvikling av budrunden. Bud kan derfor ikke ha en akseptfrist på mindre enn 30 minutter fra budet inngis og minimum kl. 12.00 første virkedag etter siste annonserte visning.

Om du vil øke budet ditt gjør du det helst også ved å trykke på "Gi bud" knappen i nettannonsen. Er du forhindret fra dette kan budøkning formidles til megler via e-post eller SMS.

Når du har lagt inn bud vil megler bekrefte at budet er mottatt. Kontakt megler dersom du mot formodning ikke mottar slik bekreftelse innen kort tid etter at bud er inngitt. Megleren holder deg også oppdatert om andre bud som kommer inn.

Det er viktig at du gjør deg kjent med all informasjon om boligen, og at du har spurt om det du eventuelt lurer på, før du legger inn et bud.

Ikke nøl med å ta kontakt med megler dersom du har spørsmål til budgivning.

AVHENDINGSLOVEN

Eiendommen selges etter reglene i avhendingsloven. Eiendommen skal overleveres kjøper i tråd med det

som er avtalt. Det er viktig at kjøper setter seg grundig inn i alle salgsdokumentene, herunder salgsoppgave, tilstandsrapport og selgers egenerklæring. Kjøper anses kjent med forhold som er tydelig beskrevet i salgsdokumentene. Forhold som er beskrevet i salgsdokumentene kan ikke påberopes som mangler. Dette gjelder uavhengig av om kjøper har lest dokumentene. Alle interessenter oppfordres til å undersøke eiendommen nøye, gjerne sammen med fagkyndig før bud inngis. Kjøper som velger å kjøpe usett kan ikke gjøre gjeldende som mangel noe han burde blitt kjent med ved undersøkelsen. Dersom det er behov for avklaringer, anbefaler vi at kjøper rådfører seg med eiendomsmegler eller en bygningsfagkyndig før det legges inn bud.

Hvis eiendommen ikke er i samsvar med det kjøperen må kunne forvente ut ifra alder, type og synlig tilstand, kan det være en mangel. Det samme gjelder hvis det er holdt tilbake eller gitt uriktige opplysninger om eiendommen. Dette gjelder likevel bare dersom man kan gå ut i fra at det virket inn på avtalen at opplysningen ikke ble gitt eller at feil opplysninger ikke ble rettet i tide på en tydelig måte. En bolig som har blitt brukt i en viss tid, har vanligvis blitt utsatt for slitasje og skader kan ha oppstått. Slik bruksslitasje må kjøper regne med, og det kan avdekkes enkelte forhold etter overtakelse som nødvendiggjør utbedringer. Normal slitasje og skader som nødvendiggjør utbedring, er innenfor hva kjøper må forvente og vil ikke utgjøre en mangel. Boligen kan ha en mangel dersom det er avvik mellom opplyst og faktisk areal, forutsatt at avviket er på 2% eller mer og minimum 1 kvm.

Ved beregning av et eventuelt prisavslag eller erstatning må kjøper selv dekke tap/kostnader opptil et beløp på kr 10 000 (egenandel). Dersom kjøper ikke er forbruker selges eiendommen «som den er», og selgers ansvar er da begrenset jf. avhl. § 3-9, 1. ledd 2. pktm. Avhendingsloven § 3-3 (2) fravikes, og hvorvidt en innendørs arealsvikt karakteriseres som

en mangel vurderes etter avhendingsloven § 3-8. Informasjon om kjøpers undersøkelsesplikt, herunder oppfordringen om å undersøke eiendommen nøye, gjelder også for kjøpere som ikke anses som forbrukere. Med forbrukerkjøp menes kjøp av eiendom når kjøperen er en fysisk person som ikke hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet.

BOLIGSELGERFORSIKRING

Det er ikkje teikna boligselgerforsikring.

BOLIGKJØPERFORSIKRING

Megler anbefaler kjøper å tegne boligkjøperforsikring ved kjøp av denne boligen. Dette er en rettshjelpsforsikring som gir trygghet og profesjonell juridisk hjelp dersom det oppdages uventede feil eller mangler ved boligen de neste fem årene.

Boligkjøperforsikring tegnes senest på kontraktsmøtet. Ta kontakt med megler eller gå inn på www.soderbergpartners.no for ytterligere informasjon.

LOVPÅLAGTE TILTAK MOT HVITVASKING

Eiendomsmeglere er underlagt lov om hvitvasking og tilhørende forskrift/rundskriv, og er forpliktet til å rapportere til Økokrim om mistenkelige transaksjoner. Meglerforetaket har plikt til å gjennomføre kundetiltak (ID kontroll, avklaring pep, kontroll av reelle rettighetshavere og å innhente informasjon om kundeforholdets formål og tilsiktede art). Kundetiltak skjer løpende av alle parter i handelen. Hvis kundekontroll ikke lar seg gjennomføre, vil meglerforetaket ikke kunne etablere kundeforholdet, bistå med handelen eller foreta oppgjør. Det godtas kun inn- og utbetaling fra norsk finansieringsinstitusjon.

PERSONOPPLYSNINGSLOVEN

I henhold til personopplysningsloven gjør vi oppmerksom på at interessenter kan bli registrert for videre oppfølging.

LÅNEFINANSIERING

W Eiendomsmegling samarbeider med Sparebank 1

SMN og kan formidle kontakt med rådgiver dersom dette er ønskelig.

Vi gjør oppmerksom på at foretaket mottar et økonomisk vederlag fra Sparebank 1 SMN dersom formidlingen resulterer i innvilget lån.

MEGLERS VEDERLAG

Meglernes vederlag er avtalt til:

Provisjon: 40.000,-

Markedsføring: 16.900,-

Oppgjør: 7.390,-

Øvrige kostnader: 9.800,-

Dersom handelen ikke kommer i stand er følgende avtalt: 0

OPPDRAKSNUMMER

18001725

SALGSOPPGAVEN

Salgsoppgaven er sist oppdatert: 27.05.2025.

VEDLEGG TIL SALGSOPPGAVEN

Føresegner

Grunnkart

PlanRapport

Kommuneplankart

Oversiktskart

Reguleringsplan

MEGLER

ANSVARLIG MEGLER

Jostein Mo

Eiendomsmegler

Tlf 970 10 784

jostein.mo@wmegling.no

MEGLERFORETAK

W Eiendomsmegling avd Sogndal

Fjørevegen 10

6856 Sogndal

Telefon: 924 56 782

Epost: markus@wmegling.no


Org.nr: 935469899





VEDLEGG

Vang kommune si hovudmålsetting for Tyinkrysset er å leggje til rette for at området kan utvikle seg til ein stor, berekraftig heilårs reiselivsdestinasjon



Tyinkrysset

KOMMUNEDELPLAN
|føresegn|



Tyinkrysset

KOMMUNEDELPLAN
|Føresegn|

Vedteke føresegn i KS-049/23, 15.06.2023

Vedteke i KS (Sak 049/23) 15.06.2023 med heimel i plan- og bygningslova, av 27.6.2008 nr. 71, § 11-15.

Plan-ID: 2015003

Sist revidert: 06. juni 2023

Framsidedfoto: Skikøyring frå Skørnsnøse © Lars Østbye Hemsing

Innhald

1. Siktemål med planen.....	5
2. Fellesføresegn for heile planområdet (§11-9).....	5
3. Om tilhøvet til detaljregulering (§ 11-9 nr. 1)	7
3.1. Plankrav	7
3.2. Krav om detaljregulering	7
3.3. Unntak frå plankrav	7
4. Føresegn for arealføremål (§§11-10 og 11-11)	8
4.1. Bygg og anlegg (§ 11-7 nr. 1).....	8
4.1.1. Fritidsbustadar.....	8
4.1.2. Sentrumsføremål.....	10
4.1.3. Fritids- og turistføremål.....	10
4.1.4. Næring	10
4.1.5. Kombinert bygg og anlegg.....	11
4.1.6. Kombinert bygg og anlegg – KBA_01	12
4.1.9. Idrettsanlegg alpin.....	12
4.1.10 Bustadtomter på Høgset.....	13
4.1.11 Kombinert bygg og anlegg – K_PMR1.....	13
4.1.12 Kombinert bygg og anlegg – KBA_03.....	14
4.1.13 Kombinert bygg og anlegg – KBA_04.....	14
4.1.14 Kombinert bygg og anlegg – KBA_05.....	14
4.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 11-7 nr. 2)	15
4.2.1. Parkering P1, P2 og P3.....	15
4.2.2. Høgdebasseng HB_01.....	15
4.2.3. Tilkomstveger til utbyggingsfelt	15
4.3. Grønstruktur (§ 11-7 nr. 3)	15
4.3.1. Naturområde	15
4.3.2. Turdrag	15
4.3.3. Kombinert grønstrukturføremål.....	15
4.4. Landbruks-, natur-, friluftsliv- og reindriftsføremål (§ 11-7 nr. 5)	16
4.5. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 11-7 nr. 3).....	16
4.5.1. Miljøkvalitet i vassdrag.....	16
4.5.2. Forbod mot og vilkår for tiltak i vassdrag.....	16
4.5.3. Verna vassdrag	16
5. Tilhøve som skal avklarast i reguleringsarbeid (§ 11-9 nr. 8).....	16
5.1. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).....	16
5.2. Flaum og skred	17

5.2.1 Flaum - aksemdsområde	17
5.2.2 Kartlagt skredområde.....	17
5.2.3 Skred - aktsemdsområde.....	17
5.3. Overvatn.....	18
5.4. Grunnforureining.....	18
5.5. Naturmangfald	18
5.6. Om ikkje koordinatfesta tomter	19
5.7. Langrensløyper, stigar og sykkelløyper	19
5.8. Tilkomstveg til Steinhaug(omsynssone H810_6)	19
5.9. Andre krav	19
6. Om vatn, avløp og overvatn	19
7. Føresegner til omsynssoner (pbl § 11-8).....	20
7.1. Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11-8 a).....	20
7.1.1. Støy.....	20
7.1.2. Faresoner.....	20
7.2. Infrastruktursoner (pbl § 11-8 b).....	21
7.3. Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (pbl § 11-8 c)	21
7.4. Bandlegging etter kulturminnelova (pbl § 11-8 d)	22
7.5. Krav om felles planlegging (pbl § 11-8 e)	22
7.6. Tilhøve til eldre detaljreguleringar (pbl § 11-8 f)	22
8. Rekkefylgjeføresegn (pbl § 11-9 nr.4)	23
8.1. For alle område avsett til bygg og anlegg i kommunedelplanen gjeld.....	23
8.1.1. Vatn, avløp og høgdebasseng.....	23
8.2. For alle utviklingsområde innanfor omsynssone H410_1 i kommunedelplanen.....	24
8.3. Særskilt rekkefylgjekrav for omsynssone H810_09(UH3)	24

1. Siktemål med planen

Hovudmålsettinga til Vang kommune er å leggje til rette for at Tyinkrysset skal utvikle seg til ein stor, berekraftig heilårs reiselivsdestinasjon. Saman med grunneigarar og næringslivet ynskjer kommunen å arbeide aktivt og langsiktig for å nå målsettingane som ligg i masterplanen som er utarbeidd for området.

2. Fellesføresegn for heile planområdet (§11-9)

Føresegner som gjeld for heile planområdet:

- Utbyggingsavtalar:
 - I framtidige byggjeområder vist i plankartet vil utbyggingsavtale vera ein føresetnad før utbygging, jf. vedtak i sak KS-057/06 og pbl § 17-2.
 - Utbyggingsavtale skal sikre anlegg og infrastruktur som vegar, parkering, brøyting, skiløyper, vassforsyning, avløp, fjern-/nærvarmeanlegg, sykkelstigar eller elvekryssningar og andre aktuelle fellestiltak.
 - Ei utbyggingsavtale mellom grunneigar og/eller utbygger og kommunen skal avklare ansvarsfordeling for utbygging av desse tiltaka:
 - Teknisk og grøn infrastruktur (t.d felles avkøyring, vatn og avlaup, parkering, ladestasjon)
 - Bustadpolitiske tiltak og utforming av bygg (t.d fordeling av bustadstyper, storleik på bueiningar, livslaupsstandard, universell utforming)
 - Særskilte tiltak som er naudsynt for gjennomføring av planvedtak
 - Tiltak der det må bli dokumentert at tiltaket er naudsynt for gjennomføring av planen og der kostnadane må fordelast etter nytte
 - Ansvarsfordeling under bygging og framtidig drift
 - Opparbeidingsplikt for veg, vatn og avløpsanlegg jf. pbl § 18-1 gjeld fullt ut.
 - Behandling av utbyggingsavtalar skal fylgje reguleringsplanarbeidet. Utbyggingsavtale skal stadfestast av kommunestyret ved vedtak av reguleringsplan. Dersom naudsynt, kan det vera eit rekkefylgjekrav i reguleringsplanen at utbyggingsavtale skal vera signert før det blir gjeve løyve til tiltak
- Kommunestyret kan i særskilte tilfelle inngå utbyggingsavtale med grunneigar og/eller utbygger av større utbyggingstiltak også etter vedteken plan. Utarbeiding av utbyggingsavtale vil då fylgje sjølvstendig løp
- Innanfor kommunedelplanen på Tyinkrysset er det krav om tilkopling til kommunalt vatn- og avløpsanlegg. Sjå føresegn 6
- Alle tiltak som førar til endra bruk for av- og påkøyrslar til europa- og fylkesveg, må godkjennast av vegeigar
- Det skal settast av naudsynt og eigna areal til trafokiosk innanfor nye reguleringsområder Trafokioskar skal plasserast lågt i terrenget og skal ikkje virke skjemmaende for området
- Det skal om naudsynt settast av eigna areal til kommunal renovasjon

- Parkering:
Kvar biloppstillingsplass skal minimum vera 18 m². Tabellen under definerer kravet til kvar eining:

Arealføremål	Biloppstillingsplass for kvar eining
Bustad	2
Fritidsbustad med tilkomstveg	2
Hotell og overnattingsstad	0,5 pr. gjesterom
Serveringsstad	1 pr. 15 m ² bruksareal
Leilegheitbygg	1,5 pr. leilegheit

- Kulturminne og kulturmiljø (H730_1), jf. pbl. § 11-8 d):
 - Tiltak som ikkje er avklart gjennom reguleringsplan og som rårer kulturminner, registrerte SEFRAK-bygg eller omsynssoner kring kartlagde kulturminner, skal føreleggast kulturminnemyndighetene til uttale, jf. kulturminnelova §§ 8 og 9, anten det gjeld byggjesaker, dispensasjonssaker eller i samband med konsesjonsbehandling.
 - Ved modernisering eller endring av eksisterande bygg må ein sjå til at den visuelle utforminga ikkje bryt med kulturlandskap- og miljø. Sjå og føresegn 7.2.
 - Dersom det i samband med arbeid eller tiltak vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona deira på minimum 5 meter. Kulturminnestyresmaktene i Innlandet skal varslast, jf. kulturminnelova § 8.
- Kantvegetasjon:
Kantvegetasjon har stor betydning for økosystemet langs vassdraga, og det er viktig å oppretthalde eit naturleg vegetasjonsbelte med levestad for plantar og dyr. Kantvegetasjon er viktig for å motverke avrenning og fungerer godt som erosjonsvern. Den er og av stor betydning som landskapselement og kan vera viktig for friluftsliv. Ein kan skjøtte kantsona dersom ein tek omsyn og sett att tre og buskar av forskjellige art og høgde. Snauhogst av kantsona kan berre skje etter godkjenning frå Statsforvaltaren.

Langs vassdrag med årssikker vassføring skal det sikrast og oppretthaldast ei kantsone med breidde 4 meter på kvar side av vassdraget målt horisontalt rekna frå kanten ved normalvassføring, jf. vannressursloven § 11 fyrste ledd.

For dei tre store vassdraga Tenla, Bjørdøla og Begna(Otrøelva) skal det oppretthaldast ei kantsone med breidde 20 meter på kvar side av vassdraget målt horisontalt rekna frå kanten ved normalvassføring, jf. vannressursloven § 11 fyrste ledd.
- For alle vassdragskryssingar knytt til t.d. tilkomstveg, skibruar for langrenn og/eller skinedfart, stigar/sykkelløyper, mv., skal kryssing dimensjonert slik at tryggleikskrava er ivareteke. Tiltak skal dimensjonert for F2 – 200 års flaum + klimapåslag

3. Om tilhøvet til detaljregulering (§ 11-9 nr. 1)

3.1. Plankrav

For alle byggje- og anleggstiltak jf. pbl. § 1-6 og andre tiltak som kan få vesentlig verknad for miljø og samfunn er det krav om reguleringsplan, jf. pbl. §§ 11-9 nr.1. og 12 – 1, 2. og 3. ledd.

I område avsett til bygg og anlegg kan tiltak etter pbl. § 1 – 6 og § 20 – 1 ikkje finne stad før området inngår i vedteken reguleringsplan.

3.2. Krav om detaljregulering

Det er krav om detaljregulering for dei areala som på plankartet er vist med omsynssone H810_1 til H810_15. Areal har fått fylgjande namn:

Namn på areal	Omsynssone
Andstor alpin m/næring- og parkeringsareal	H810_1
Tyinkrysset sentrum	H810_2
Tyinkrysset alpin	H810_3
Andstor/Bøastølen/Steinhaug	H810_4
Vesleåne	H810_5
Synhaug	H810_6
Skafthneverhamarn	H810_7
Skørnsnøse	H810_8
UH3	H810_9
Høgeset	H810_10
FT1 og FT2	H810_11
Fløgstrøndheisen	H810_12

3.3. Unntak frå plankrav

Dersom det føreligg føresegn om utbyggingsvolum og uteareal, og tilhøve til vegnett og anna lovverk er ivareteke, er fylgjande unnateke frå plankrav dersom det er i tråd med føremålet og eigedomsgrænse er koordinatmålt(målebrev eller matrikkelbrev):

- Mindre tilbygg og påbygg, garasjar, uthus, anneks, ombygging av eksisterande fritidsbustader og nybygg på tidligare frådelt ikkje-bygde tomter
- Det er ikkje tillate med tiltak nærare privat veg, gangveg, stigar eller skiløype enn 15 meter. Avstanden målast frå vegen-/stigen-/løypa si midtlinje. For tilhøve til høgare funksjonsklasse, sjå kommuneplanens føresegn pkt. 1.4.
- Tiltaket skal vera tilstrekkeleg sikra mot fare. Føresegn og retningsliner knytt til utgreiing av risiko og fare i nye planer skal og leggjast til grunn for tiltak som er unnateke plankrav.
- Tiltaket må ikkje råke freda kulturminne.

Det kan gjevast byggjeløyve (ramme- og igangsettingsløyve) for godkjent frådelt tomter som er regulert direkte i kommunedelplanen, eller i reguleringsplanar som gjeld vidare, jf. føresegn 7.5., dersom tomte er i tråd med øvrige føresegn for bygging.

Bruksendring av eksisterande bygningsmasse til føremål i samsvar med vedteken arealbruk er unnateke frå plankrav.

4. Føresegn for arealføremål (§§11-10 og 11-11)

4.1. Bygg og anlegg (§ 11-7 nr. 1)

Fellesføresegn for bygg og anlegg:

- Byggjegrænse mot tomtegrænse er 4 m. Anna byggjegrænse kan fylgje av reguleringsplan og byggteknisk forskrift
- Mest mogeleg av eksisterande vegetasjon skal bevarast i samband med anleggsverksemda. Der det skal plantast til, skal stadeigen vegetasjon nyttast. Stadeigen vegetasjon blir definert som vegetasjon genetisk lik vegetasjon av same art som veks der naturleg.
- Nedbør og smeltevatn skal handterast lokalt. Dette skal ikkje førast inn på kommunalt avløpsnett
- Tomter skal ha permeable overflater for å sikre god fordrøyning
- Krav om permeable overflater ved nye tiltak
- Både generelt ved mindre og særskilt ved større utbyggingar skal ein ta omsyn til støv, støy, forsøpling, forureining, mv. , og ein må i anleggsperioda forsøke å redusere dette til eit minimum

4.1.1. Fritidsbustadar

Arealføremål: Fritidsbustad (sosi-kode: 1120)

Fylgjande skal vera retningsgivande for utnytting og bygningsvolum når nye reguleringsplanar for fritidsbustadar innanfor kommunedelplanen skal utarbeidast:

- Alle bygg på same tomt skal ha tilsvarande takvinkel, materialbruk og farge
- Utebelysning og samla lysforureining skal særskilt vurderast i nye planar og bør avgrensast til eit minimum
- Dersom det argumenterast for det kan nye reguleringsplanar ha føresegn som opnar opp for meir moderne utforming
- Solcelletak kan vurderast, men då må visuell fjernverknad utgreiast særskilt

Eksisterande fritidsbustadar og ikkje-bygde tomter utanfor regulerte områder kan utformast slik:

Kategori	Tomter under 800 m ²	Tomter frå og med 800 m ²
Maksimal utnytting(BYA)	176 m ²	216 m ²
Hovudbygg (BYA)	100 m ²	140 m ²
Parkering pr. tomt, jf. føresegn 2		36 m ²
Antall bygg		Maksimalt 3
Bygg 2 og 3 (BYA)		Maksimalt 40 m ²
Møne-/ gesimshøgde		5,5 m/4 m
Takvinkel	Eksisterande bygg: 15°-35°; nye bygg: 25°-35°	
Byggjegrænse	Bygg skal vera 4 meter frå tomtegrænse	
Synleg mur	Maksimal høgde på 0,5 m	
Forstøttningsmur	Maksimal høgde på 1,2m. Utførast i naturstein	
Skjering/fylling	Høgde på fylling og/eller skjering kan maksimalt avvike 1,5 meter frå eksisterande terreng	

- Det kan vera avvik mellom oppmålt eigedomsgrense og arealføremål på tomt. Det er då arealføremålet for t.d. fritidsbustad(sosi 1120) som skal leggst til grunn ved utrekning av BYA.
- Samla tomteareal skal normalt ikkje overstige 2 daa
- Tidligare frådelt tomter til fritidsbustad kan ikkje delast opp ytterligare
- Byggjegrænse skal som utgangspunkt vera 4 meter. Anna byggegrense kan fylgje av reguleringsplan og byggeteknisk forskrift
- Bygg 2 og 3 kan vera garasje, uthus eller anneks
- Møne-/gesimshøgde målast frå topp grunnmur
- Samla høgde på skjering/fylling inklusiv forstøttningsmur skal ikkje overstige 1,5m
- Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller naturstein. Taket skal vera i matte materialar, unntak ved bruk av solcelletak. Farga på bygga skal vera i naturfargar (til dømes jernvitrolbehandla) eller i jordfargar.
- Tilkomsveggar skal som utgangspunkt ikkje ha brattare stigning enn 1:10 (10%). Ved søknad om etablering av tilkomstveggar skal det leggst ved tverr- og breiddeprofil

For eksisterande fritidsbustadar utanfor regulerte områder som ligg innanfor omsynssone for vassdrag, kan kommunen vurdere dispensasjon for tiltak etter pbl. § 1-6, dersom krav i pbl. § 28-1 er dekt.

For eksisterande fritidsbustader som ligg utanfor regulerte område i kombinasjon med omsynssone d for automatisk freda kulturminne kan kulturminnemyndighetene vurdere dispensasjon for tiltak etter kulturminnelova § 8 fyrste ledd.

Det er tillate med gjerde. Inntil 100 m² av tomta kan gjerdast inn som vern mot husdyr. Det tillatast berre skigard utført i samsvar med tradisjonane i Valdres. Største tillatne høgde er 1,2 m. Oppsetting av skigard skal byggjemeldast saman med bygningane eller ev. som eige tiltak. Det skal

sendast nabovarsel i samband med tiltaket. Hytter i utbyggingsområde som blir planlagt over tregrensa bør som utgangspunkt ikkje få løyve til inngjerding.

Det er ikkje lov å sette opp straumgjerde eller anna stengsel som er til hinder for fri ferdsel over eigedommen.

Skilt, flaggstang, portalar, frittstående léveggjar, parabolantennar, reklameinnretningar eller liknande er ikkje tillate. Løyve for oppføring av frittstående anlegg som utepeis, badestamp etc. kan gjevast på grunnlag av søknad i samsvar med plan- og bygningslova.

4.1.2. Sentrumsføremål

Arealføremål: Sentrumsføremål (sosi-kode: 1130)

Det er krav om detaljregulering for å sikre ei heilskapleg og god utvikling av områda. Nytt areal i sentrum skal leggje til rette for næringsverksemd, utleigeiningar (både fritidsbustadar og bustadar) og leilegheiter for sal. Nye tiltak med slikt føremål krev detaljregulering. Utnyttinga i denne detaljreguleringa skal vera høg. Bya blir føreslege til mellom 50 og 80 %. Mønehøgde kan vera på inntil 14 m.

4.1.3. Fritids- og turistføremål

Arealføremål: Fritids- og turistføremål (sosi-kode: 1170)

Områda er sett av til einingar for utleige og fritidsbustadar som drivast i kommersiell samanheng. Om privatpersonar er eigarar av einingane i desse områda er intensjonen frå planmyndigheita at det er pliktig utleige i ni av årets månader.

FT1, FT2 og FT3 er tre større område i kommunedelplanen som er sett av til dette føremålet. FT4 er eksisterande areal kring Filefjellstuene. Her skal utnyttinga vera høg. BYA vert føreslege til mellom 50% og 80%. Mønehøgde kan vera på inntil 14 m. Ved søknad om større tiltak innanfor det eksisterande arealføremålet FT4 må det utarbeidast ein situasjonsplan som syner samla utnytting av arealet.

4.1.4. Næring

Arealføremål: Næring (sosi-kode: 1300)

Framtidige næringsområder avsett til stadbunden næringsverksemd med servicetilbod. Det er krav om detaljregulering, jf. føresegn 3.2. Areal må få ei god utforming som harmonerer med området elles.

4.1.4.1. Særskilt for framtidig næringsområde N2

Næringsareal på toppen av Andstorheisen, N2, er sett av til bevertning/servering. Her er det berre tillate med eitt bygg som skal sjåast i samanheng med endestasjon for stolheis. Reguleringsplan skal utgreie avbøtande sikringstiltak, avbøtande tiltak for naturmangfald og avgrense fjernverknaden for bygget. Krav om visualisering av tiltak. Det skal stillast strenge krav til belysning, utforming, storleik og plassering i terrenget.

4.1.4.2. Særskilt for framtidig næringsområde N3

Næringsareal ved Børrenøsheisen på nordsida av elva Begna. Areal sett av til verkstad og lager i samband med drift av skiheis og langrennsløyper. Eigen tilkomstveg frå fylkesveg 2515, der avkøyring skal godkjennast av vegeigar. Det skal utarbeidast ein situasjonsplan i samband med byggesøknad. Det kan førast opp eit bygg på arealet med saltak. Bygget skal ha mørke og matte fargar.

4.1.5. Kombinert bygg og anlegg

4.1.5.1. Eksisterande bustadar

Arealformål: Bustad (sosi-kode: 1110) og fritidsbustad (sosi-kode: 1120)

Eksisterande bustadar vert regulert til dette arealføremålet for å gje eigar valfridom til å velje om eigedommen skal nyttast til fritidsbustad eller bustadhus. Bruksendring krev grunngeve søknad, jf. pbl. § 20-1.

Bustadar i området kan ha ei utnyttingsgrad lik fritidsbustader, jf. føresegn 4.1.1. Parkering, jf. føresegn 2, tel med i BYA. Det kan førast opp ein garasje på maksimalt 40 m².

Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller naturstein. Alle bygg skal ha saltak med mønevinkel mellom 25° og 35°. Taket skal vera i matte materialar. Fargane på bygga skal vera i naturfargar (til dømes jernvitrolbehandla) eller i jordfargar.

4.1.5.2. Eksisterande bustader i sentrum

Arealformål: Bustad (sosi-kode: 1110), fritidsbustad (sosi-kode: 1120) og sentrumsformål (sosi-kode: 1130)

For eksisterande bustader innanfor sentrumsområde gjeld føresegn 4.1.5.1. Samstundes kan tomtane og inngå i ei heilskapleg regulering av området med sentrumsformål. Ved bruksendring til sentrumsformål (sosi-kode: 1130) er det krav om reguleringsplan, og felles planlegging (H810_2).

4.1.5.3. Eksisterande fritidsbustader i sentrum

Arealformål: Fritidsbustad (sosi-kode: 1120) og sentrumsformål (sosi-kode: 1130)

Eksisterande fritidsbustader i sentrum vert regulert til dette arealføremålet for å gje eigar valfridom til å velje om eigedommen skal nyttast til fritidsbustad eller bustadhus. Bruksendring krev grunngeve søknad, jf. pbl. § 20-1.

For eksisterande fritidsbustader innanfor sentrumsområde gjeld føresegn 4.1.1. for utnytting og utforming. Samstundes kan tomtane og inngå i ei heilskapleg regulering av området med sentrumsformål. Ved bruksendring til sentrumsformål (sosi-kode: 1130) er det krav om reguleringsplan, og felles planlegging (H810_2).

4.1.6. Kombinert bygg og anlegg – KBA_01

Arealformål: næring/tenesteyting (sosi-kode:1800)

Arealet KBA_01 ved Filefjellstuene kan nyttast til næring/utleige og tenesteyting/leirskule. Utnyttingsgrad for arealet er inntil 80% BYA og mønehøgde kan vera på inntil 14 meter.

På arealføremålet regulert til sosi-kode 1500, kan det etablerast badstu/badepus som kan knytast til øvrig drift av anlegget.

4.1.7. Kombinert bygg og anlegg – KBA_02

Arealformål: fritidsbustad (sosi-kode: 1120) og fritids- og turistføremål (sosi-kode: 1170).

Maksimal BYA lik 50 % av tomtearealet. Mønehøgde skal som utgangspunkt ikkje vera over 8m over gjennomsnittleg planert terreng. Der terrenget legg til rette for det kan det vera underetasje.

Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller naturstein. Alle bygg skal ha saltak med mønevinkel mellom 25° og 35°. Taket skal vera i matte materialar. Fargane på bygga skal vera i naturfargar (til dømes jernvitrolbehandla) eller i jordfargar. Synleg mur skal maksimalt vera 0,8 m.

4.1.8. Nye områder med kombinert føremål

Arealformål: fritidsbustad (sosi-kode: 1120) og fritids- og turistføremål (sosi-kode: 1170).

Her er det krav om detaljregulering, jf. føresegn 3.2 og føresegn i kapittel 7.

Fylgjande skal vera retningsgivande for utformingskrava i detaljreguleringa for desse områda:

Maksimal BYA lik 50 % av tomtearealet. Mønehøgde skal som utgangspunkt ikkje vera høgare enn 12m over grunnmur. Synleg grunnmur skal vera maksimalt 0,8m. Der terrenget legg til rette for det kan det vera underetasje. Samla høgde på skjering/fylling inklusiv forstøttningsmur skal ikkje overstige 1,5m. Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller naturstein. Alle bygg skal ha saltak med mønevinkel mellom 25° og 35°. Anna takform kan vurderast. Taket skal vera i matte materialar. Fargane på bygga skal vera i naturfargar (til dømes jernvitrolbehandla) eller i jordfargar.

4.1.9. Idrettsanlegg alpin

Arealformål: Idrettsanlegg (sosi-kode: 1400)

- Det er krav om detaljregulering, jf. føresegn 3 og føresegn 7 omsynssoner. Dette for, mellom anna, å gjere nærare tekniske utgreiingar knytt til løysing av kryssing av E16, krav til dokumentasjon og godkjenning av heistrasear
- Alle tiltak i detaljregulering av omsynssone H810_1 skal vera i samsvar med Jernbaneverkets tekniske regelverk og gjeldande forskrift om tekniske krav til taubaneanlegg, inkl. kabelanlegg for persontransport.
- Kryssinga skal skje vinkelrett på vegbane

- Stolheis med tilhøyrande sikringstiltak over vegbana skal vera utforma slik at det ikkje kan falle noko ned på vegbana og kan skape trafikkfarlege situasjonar. Sikringstiltaket skal utformast i samsvar vegmyndigheitenes gjeldande rettleiarar med mellom anna krav til utforming og frihøgde.
- Det må i detaljreguleringa fastsetjast kven som har ansvaret for drift og vedlikehald av sikkerheitstiltaket.
- Det må innarbeidast rekkefylgjeføresegn som sikrar at sikkerheitstiltaket blir etablert før det skal utførast arbeid over offentleg veg.

4.1.10 Bustadtomter på Høgset

Arealføremål: Bustad (sosi-kode: 1110)

Bustadtomtene på Høgset kan ha ei utnyttingsgrad lik fritidsbustader, jf. føresegn 4.1.1. Parkering, jf. føresegn 2, tel med i BYA. Det kan førast opp ein garasje på maksimalt 40 m².

Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller naturstein. Alle bygg skal ha saltak med mønevinkel mellom 25° og 35°. Taket skal vera i matte materialar. Fargane på bygga skal vera i naturfargar (til dømes jernvitrolbehandla) eller i jordfargar.

Særskilt for tomte som er regulert til arealføremål «andre typar bebyggelse og anlegg» (sosi-kode: 1500) på Høgset, kan hjelpekorpsset få sette opp eit garasjeanlegg for å lagre køyretøy og naudsynt materiale for å auke beredskapen i området. Det kan etablerast fasilitetar med overnatting og liknande til drift av anlegget. Samla grunnflate av bygningane på tomte kan maksimalt vera 200 m²(BYA). Det kan settast opp to bygg på tomte. Parkering blir ikkje rekna med i BYA. Mønehøgde kan maksimalt vera 6,5 meter. Alle bygg skal ha saltak med mønevinkel mellom 25° og 35°.

4.1.11 Kombinert bygg og anlegg – K_PMR1

Arealføremål: parkering/masselagring/riggområde (sosi-kode:1800)

Arealet K_PMR1 ved avkøyringa frå Nystøvegvegen og inn til skiheisen kan nyttast til parkering, riggområde for av- og pålessing av byggemateriell og til mellombels lagring av reinse masser. Det er ikkje tillate med bruk av knuseverk og knusing av steinmasse på området. Det skal i løpet av sumaren 2023 etablerast ein jordvoll mot sør og søraust for å avgrense innsyn til, og støy frå, området.

Området skal som utgangspunkt berre nyttast i vekedagar i tidsrommet mellom 0700 og 2100.

4.1.12 Kombinert bygg og anlegg – KBA_03

Arealføremål: næring/utleige/bustad, fritids- og turistføremål (sosi-kode:1800)

Arealet for Filefjellsenteret kan nyttast til næring/utleige, bustad og fritidsbustad. I fyrste etasje skal det vera næring/forretning, medan det i øvrige etasjar kan etablerast bustad- og/eller fritids- og turistføremål. Utnyttingsgrad for arealet er inntil 80% BYA og mønehøgde kan vera på inntil 14 meter.

4.1.13 Kombinert bygg og anlegg – KBA_04

Arealføremål: næring/utleige, bustad og fritids- og turistføremål(sosi-kode:1800)

Arealet KBA_04 kan nyttast til næring/utleige, bustad og fritids- og turistføremål.

Maksimal BYA lik 60 % av tomtearealet. Mønehøgde skal som utgangspunkt ikkje vera over 12m over gjennomsnittleg planert terreng.

Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller naturstein. Alle bygg skal ha saltak med mønevinkel mellom 25° og 35°. Taket skal vera i matte materialar. Fargane på bygga skal vera i naturfargar (til dømes jernvitrolbehandla) eller i jordfargar. Synleg mur skal maksimalt vera 0,8 m.

4.1.14 Kombinert bygg og anlegg – KBA_05

Arealføremål: bustad, fritidsbustad og fritids- og turistføremål(sosi-kode:1800)

Arealet KBA_04 kan nyttast til bustad, fritidsbustad og fritids- og turistføremål.

Maksimal BYA lik 50 % av tomtearealet. Mønehøgde skal som utgangspunkt ikkje vera over 10m over gjennomsnittleg planert terreng. Der terrenget legg til rette for det kan det vera underetasje. Samla høgde på skjering/fylling inklusiv forstøttningsmur skal ikkje overstige 1,5m.

Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller naturstein. Alle bygg skal ha saltak med mønevinkel mellom 25° og 35°. Taket skal vera i matte materialar. Fargane på bygga skal vera i naturfargar (til dømes jernvitrolbehandla) eller i jordfargar. Synleg mur skal maksimalt vera 0,8 m.

4.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 11-7 nr. 2)

4.2.1. Parkering P1, P2 og P3

Arealformål: Parkering (sosi-kode: 2080)

Det er tre store parkeringsplassar i Tyinkrysset. Ein eksisterande (P1) i Tyinkrysset sentrum, ein som skal etablerast i samsvar med kommunedelplanen på nordsida av E16 (P2) og ein som skal etablerast på sørsida av E16 i samband med Fløgstrøndheisen(P3). For P2 er det krav om detaljregulering, jf. føresegn 3, saman med andre areal i omsynssone H810_1. Det er òg sett eit rekkefylgjekrav, jf. føresegn 8 for etablering av veg til og frå E16. For P3 er det krav om detaljregulering i samband med omsynssone H810_13.

4.2.2. Høgdebasseng HB_01

Arealformål: Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (sosi-kode: 2001)

Det er sett av areal til eitt nytt høgdebasseng ved Grøvtølen, HB_01, med tilkomst frå Grøvtølvegen. Høgdebassenget ligg på høgdekote 905 m.o.h. Eventuelle bygg på eigedommen skal leggjast lågt og anonymt i terrenget og tilpassast omkringliggjande bygningar i stil og utforming.

4.2.3. Tilkomstveger til utbyggingsfelt

Arealformål: Hovudveg (sosi-kode: 1122)

Tilkomstvegar skal ha ei breidde på 3 til 5 meter og skulder på 0,3 meter på kvar side. Vegen kan nyttast som trase for leidningar for vatn, avløp, elektriske kablar, tele- og tv-kablar. Etablering av tilkomstveg er søknadspliktig, jf. pbl. 20-1.

4.3. Grønstruktur (§ 11-7 nr. 3)

4.3.1. Naturområde

Arealformål: Naturområde (sosi-kode: 3030)

Området er eit våtmarksområde med myr og elveslette/-kant. Her skal det ikkje setjast i verk tiltak som kan påverke området negativt. Grøfting, tiltak som kan påverke grunnvatn etc. skal ikkje skje.

4.3.2. Turdrag

Arealformål: Turdrag (sosi-kode: 3020)

Området er ein del av ei gamal ferdssåre. Det skal ikkje etablerast tiltak som kan skade ferdssåra.

4.3.3. Kombinert grønstrukturføremål

Arealformål: Kombinert grøntstrukturuområde (sosi-kode: 3800)

Områda skal leggjast til rette for grønstruktur i planområdet langs elva, samt fremje friluftslivet nær elvekanten. Innanfor desse områda kan bygg og anlegg som tener til området sitt bruk etablerast,

til dømes gapahukar og lett opparbeiding av trase for skiløype og tursti. Tiltak krev søknad og løyve.

4.4. Landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsføremål (§ 11-7 nr. 5)

I LNFR-område er arbeid og tiltak nemnt i pbl. §§ 20-1 og 20-2 elles ikkje tillate, dersom dei ikkje er knytt til stadbunden næring. Dette gjeld også frådelling til slike føremål.

4.5. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 11-7 nr. 3)

4.5.1. Miljøkvalitet i vassdrag

Alle vassdrag skal ha «minst god økologisk og kjemisk tilstand», jf. Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskrifta), av 15.12.2006 nr. 1446, § 4. Dei vassdraga som er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet, til dømes dei kraftig regulerte, skal «minst ha godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand», jf. vannforskrifta § 5. Dette vil oppretthalde vatnet som ressurs både for folk, planter og dyr.

Alle planforslag og tiltak etter pbl § 1-6 som rører ved overflatevatn eller grunnvatn skal vurderast etter fastsette miljømål i gjeldande regional plan for vassforvaltning og vassforskrifta §§ 4-7. Planforslag og tiltak som kan medføre at miljømåla ikkje nåast eller at tilstanden forringast skal vurderast etter § 12 i vannforskriften.

4.5.2. Forbod mot og vilkår for tiltak i vassdrag

Utfylling, grusuttak og andre inngrep som endrar dei økologiske og/eller fysiske tilhøva i og langs vassdrag og i område som vert oppfatta som ein del av vassdragsnaturen, som sidebekker, kantsona etc., er ikkje tillate utan dispensasjon frå Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova), av 24.11.2000 nr. 82, og/eller Lov om laksefisk og innlandsfisk mv., av 15.5.1992 nr. 47.

4.5.3. Verna vassdrag

Jf. «Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag» har Begnavassdraget frå Otrøvatnet til Strøndafjorden med sideelver varig vern mot vidare kraftutbygging i medhald av verneplan I og II, og elles mot utbygging og inngrep som kan skade eller redusere verneverdiane i vassdraget.

5. Tilhøve som skal avklarast i reguleringsarbeid (§ 11-9 nr. 8)

5.1. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Ved utarbeiding av reguleringsplanar for utbyggingsføremål skal det gjennomførast ROS-analyse, jf. pbl. § 4-3. ROS-analysen skal avdekke og dokumentere eventuelle risiko- og sårbarheitstilhøve som ikkje er avklart på overordna plannivå. Avbøtande tiltak skal inngå i ROS-analysen. Aktuelle avbøtande tiltak skal vera gjennomført før det gjevast løyve til utbygging.

5.2. Flaum og skred

5.2.1 Flaum - aksemdsområde

- NVEs aktsemdskart for elv- og vassførekomst er lagt til grunn for omsynssone H320_1 i plankartet. Innanfor denne omsynssona er flaumfare ikkje avklara og skal ikkje nyttast til utbyggingsføremål før reelle flaumfare er kartlagt
- Det gjevast ikkje løyve til bygging i omsynssone H320_1 langs vassdrag før krav til sikker grunn for bygging, jf. pbl. 28-1, er dokumentert og tryggleiksklasse avklara
- Minimum 20 meter på kvar side av bekker og elver er potensielle fareområde for flaum og skal som hovudregel ikkje nyttast til utbyggingsføremål. Byggverk skal plasserast eller sikrast slik at det ikkje oppstår skade ved erosjon, og på strekningar med lausmasseskråningar høgare enn 20 meter skal breidda minst vera lik høgda, jf. byggteknisk forskrift
- Naudsynte tryggleikstiltak mot flaum skal inngå i reguleringsplan der dette er aktuelt
- Naudsynte tryggleikstiltak mot flaum skal vera ferdigstilt før utbygging av området settast i gang.

5.2.2 Kartlagt skredområde

- All verksemd i skredutsette område skal ta omsyn til risiko for skred/ras. Syner til tematisk plankart med reelle faresoner for ras- og skredfare, jf. pbl. § 11-8, 3. ledd bokstav a
- Faresone H310_1 i plankartet syner kartlagde skredområder (NGI rapport 20110966-00-2-R) med sikkerheitsklasse lågare enn S2
- Faresone H310_2 i plankartet syner kartlagde skredområder (NGI rapport 20110966-00-2-R) med sikkerheitskasse lågare enn S3
- Innanfor kartlagt område er det forbod mot etablering av tiltak. Tiltak kan berre etablerast dersom sikring er fagleg godt nok utgreia og innanfor aktuell tryggleiksklasse jf. byggteknisk forskrift
- Krav til tryggleik i byggteknisk forskrift skal vera dokumentert og etablert før bygging kan starte
